

# Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2019

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 17. desember 2018 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven) §§ 8, 9, 10, 14 og 15.

[Kapittel 1. Innleide føresegner](#)

[Kapittel 2. Renter](#)

[Kapittel 3. Nedbetaling og terminbeløp](#)

[Kapittel 4. Rekning og gebyr](#)

[Kapittel 5. Misleghald av betalingsplikta](#)

[Kapittel 6. Gjeldsordning og gjeld som er uråd å drive inn](#)

## Første delen. Renter og tilbakebetaling

### Kapittel 1. Innleide føresegner

#### § 1-1. Verkeområde

Forskrifta gjeld tilbakebetaling av utdanningslån som er gitt etter utdanningsstøtteloven og forskrift om tildeling av utdanningsstøtte.

Forskrifta gir reglar om

- renter og tilbakebetaling
- betalingsutsetjing og sletting av renter
- sletting av gjeld
- misleghalden gjeld som er permanent overført til Statens innkrevjingsentral
- tap av rettar

#### § 1-2. Personleg gjeld og sletting av gjeld når låntakaren dør

Utdanningsgjelda er personleg gjeld og kan ikkje bli overdratt til andre.

Dør låntakaren, blir gjelda sletta.

#### § 1-3. Opplysningsplikta til låntakaren

Låntakaren pliktar å gi rette og fullstendige opplysningar og skal melde frå dersom noko av det som er nemnt i søknaden, endrar seg.

Låntakaren skal så snart som råd etter flytting melde adresseendring til Lånekassen eller til folkeregisteret. Låntakarar som er busette i utlandet, må melde adresseendring direkte til Lånekassen.

### Kapittel 2. Renter

#### § 2-1. Kva tid det blir lagt renter til utdanningslånet

Utdanningslånet er rentefritt under utdanninga. Det blir lagt til renter frå det første månadsskiftet etter at låntakaren ikkje lenger får lån eller stipend etter forskrifta om utdanningsstøtte.

Når låntakaren får lån eller stipend til deltidsutdanning, blir det lagt renter til gjeld frå tidlegare utdanning.

Stipendbeløp som blir omgjort til lån etter behovsprøving etter forskrifter om utdanningsstøtte, får tillagt renter frå datoен for omgjeringa. Renter blir likevel ikkje lagde til før lånet blir sett renteberande etter § 2-1 første ledd.

#### *Merknad*

Med gjeld frå tidlegare utdanning meiner vi gjeld frå både fulltids- og deltidsutdanning.

#### **§ 2-2. Flytande og fast rente**

Lån i Lånekassen har flytande rente så sant låntakaren ikkje inngår avtale om å binde renta.

Annankvar månad tilbyr Lånekassen fast rente for periodar på tre, fem eller ti år.

#### **§ 2-3. Renter ved forseinka betaling**

Det blir rekna renter etter forsinkelsesrenteloven av det forfalne beløpet frå dagen etter betalingsfristen, og av heile lånet frå den datoen lånet er oppsagt på grunn av misleghald.

#### *Merknad*

Dersom låntakaren kjem à jour med betalinga, blir oppseininga av lånet oppheva, og det blir ikkje lenger lagt til forseinkingsrenter.

#### **§ 2-4. Utrekning av rente**

Utgangspunktet for rentesatsane i Lånekassen er ei basisrente som er fastsett av Finanstilsynet i samsvar med forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven av 26. mars 1999 nr. 14 § 5-12-5. Basisrenta blir fastsett med utgangspunkt i uttrekk av prisar på bustadlån frå Finansportalen gjennom ein observasjonsperiode. Basisrenta er lik gjennomsnittet av dei fem lågaste prisane på bustadlån på kvart observasjonstidspunkt i observasjonsperioden. Observasjonsperiodane startar ved årsskiftet.

Flytande basisrente blir fastsett på grunnlag av to månaders observasjon av tilbod om bustadlån med flytande rente. Ny flytande rente tek til å gjelde to månader etter avslutta observasjonsperiode.

Fast basisrente blir fastsett på grunnlag av éin månads observasjon av tilbod om bustadlån med den same rentebindingstida som i avtalen om fast rente på utdanningslånet. Ny fast rente tek til å gjelde éin månad etter avslutta observasjonsperiode.

Lånekassen fastset dei nominelle rentene på lånet til låntakaren. Desse blir rekna ut frå basisrenta minus 0,15 prosentpoeng. Formelen for å rekne ut den nominelle renta er slik:

$$r_n = \left[ (1 + r_e)^{\frac{1}{n}} - 1 \right] n$$

Teiknforklaring:

|       |   |
|-------|---|
| $r_n$ | årleg nominell rente i prosent  |
| $r_e$ | basisrenta minus 0,15 prosentpoeng (årleg effektiv rente i prosent før gebyr) |

|          |  |
|----------|--|
| <i>n</i> | tolv, som er talet på betalingsterminar per år |
|----------|--|

Når effektiv rente skal reknast ut, kjem i tillegg gebyr ved varsling og for sein betaling, og gebyr og kostnader ved innkrevjing, sjå kapittel 4.

Dei nominelle og effektive rentene blir oppgitte med tre desimalar.

Rentebelastning skjer på etterskott med ei nominell perioderente som svarer til den årlege nominelle renta dividert på 365 eller 366 dagar.

Etter kvart forfall blir det rekna renter av renter som ikkje er betalte. Det blir også rekna renter av renter som er lagde til gjelda i perioden frå lånet blir gjort renteberande og fram til første terminforfall, og i periodar med betalingsutsetjing.

For låntakarar som har lån frå før 1. juli 1985, blir det ikkje rekna renter av rentegjeld som er opparbeidd før 1. januar 1990.

Det blir ikkje rekna renter av renter som er lagde til på grunn av forseinka betaling, sjå § 2-3.

#### *Merknad*

Når det blir rekna renter for tidlegare periodar, bruker Lånekassen den rentesatsen som gjaldt i dei aktuelle periodane.

## **§ 2-5. Avtale om fast rente**

Låntakaren kan søkje om fast rente på lånet for ein periode på tre, fem eller ti år. Det er ikkje høve til å binde renta på berre ein del av lånet.

Tabellen viser dei periodane låntakaren kan søkje om fast rente, og kva dato renta gjeld frå:

| Søknadsperiode   | Renta gjeld frå |
|------------------|-----------------|
| 10.–17. februar  | 1. mars         |
| 10.–17. april    | 1. mai          |
| 10.–17. juni     | 1. juli         |
| 10.–17. august   | 1. september    |
| 10.–17. oktober  | 1. november     |
| 10.–17. desember | 1. januar       |

### *Merknad*

Inngaing av fastrenteavtale i Lånekassen er ikkje omfatta av reglane om angrerett i finansavtaleloven. Låntakaren kan derfor ikkje trekke tilbake søknaden om fast rente etter at ein avtale er inngått, sjølv om søknadsfristen ikkje er ute. Eit eventuelt avbrott av avtalen må skje i samsvar med avtalevilkåra, det vil seie at første høve til å avbryte ein inngått avtale, er i den neste søkerperioden for fast rente.

## **§ 2-6. Unntak frå retten til å inngå avtale om fast rente**

Desse låntakarane kan ikkje inngå avtale om fast rente:

- a) låntakarar under 18 år
- b) låntakarar som har kortare nedbetalingstid enn avtaleperioden
- c) låntakarar som får lån eller stipend til fulltidsutdanning
- d) låntakarar i deltidsutdanning som får lån eller stipend frå Lånekassen og har eit renteberande lån frå tidlegare utdanning
- e) låntakarar med oppsagt lån
- f) låntakarar i gjeldsordning

Låntakarar som har sagt opp avtalen om fast rente før bindingstida er gått ut, kan ikkje inngå ny avtale om fast rente før to månader etter oppseininga.

## **§ 2-7. Berekning av rentetap eller rentegevinst**

Det blir rekna rentetap eller rentegevinst ved

- a) ekstra innbetalingar, sjå § 2-8
- b) oppseiing av fastrenteavtalen, sjå § 2-9
- c) oppheving av fastrenteavtalen, sjå § 2-10.

Rentetap eller rentegevinst blir rekna etter reglane i forskrift 7. mai 2010 nr. 654 om kredittavtaler mv. § 9. På betalingstidspunktet reknar Lånekassen ut ei rente for resten av avtaletida. Denne renta er det vekta gjennomsnittet av renta på dei to tilboda om fastrentelån i Lånekassen som rekna i bindingstid ligg nærmast lånet til låntakaren, det eine med kortare og det andre med lengre bindingstid enn den resterande avtaletida. Dersom

den ekstra innbetalinga blir gjord på ei tid då det finst tilbod om fast rente, skal renta på desse tilboda brukast. Dersom det ikkje finst noko tilbod om fast rente når den ekstra innbetalinga skjer, skal Lånekassen sine siste tilbod om fastrente brukast. Er det mindre enn tre år att av nedbetalingstida, bruker Lånekassen den flytande renta på innbetalingstidspunktet og Lånekassen sitt siste tilbod om tre års fastrente til å rekne ut ei gjennomsnittleg rente.

Dersom den vekta renta er lågare enn den renta låntakaren har avtalt, blir rentetapet lagt til gjelda til låntakaren.

Dersom den vekta renta er høgare enn den renta låntakaren har avtalt, blir rentegevinsten trekt frå gjelda til låntakaren.

#### *Merknad*

Låntakaren må betale rentetapet sjølv om gjelda er innfridd før rentetapet blir utrekna.

Dersom lånet er innfridd vil rentegevinsten bli utbetaadt.

Beløp under kr 1,50 vil ikkje bli belasta kontoen og kravd tilbakebetalt. Beløp under kr 1,50 vil heller ikkje bli godskrive og refundert.

#### *Merknad til 2. ledd*

Det blir ikkje gitt fritak for rentetap som er utrekna i periodar låntakaren har fått sletta renter.

#### **§ 2-8. Ekstra innbetaling på lån med fast rente**

Ved ekstra innbetaling på lån med fast rente blir det rekna rentetap eller rentegevinst etter § 2-7 på den delen av innbetalinga som overstig terminbeløp, gebyr, kostnader og renter som er rekna etter forsinkelsesrenteloven.

#### *Merknad*

Ekstra innbetalingar over 50 kroner utløyser ei utrekning av rentetap eller rentegevinst. Vurderinga av om ei innbetaling kan bli definert som «ekstra innbetaling» eller ikkje, skjer kvar gong ei innbetaling blir postert på kontoen til låntakaren.

#### **§ 2-9. Oppseiing av avtale om fast rente**

Låntakaren kan seie opp avtalen om fast rente. Tabellen viser tidspunktet for overgang til flytande rente, ut frå når oppseiinga kom inn til Lånekassen:

| Søknadstidspunkt | Renta gjeld frå |
|------------------|-----------------|
| Før 17. februar  | 1. mars         |
| Før 17. april    | 1. mai          |
| Før 17. juni     | 1. juli         |
| Før 17. august   | 1. september    |
| Før 17. oktober  | 1. november     |
| Før 17. desember | 1. januar       |

Dersom låntakaren seier opp avtalen om fast rente i avtaleperioden, blir det rekna rentetap eller rentegevinst etter § 2-7.

Dersom låntakaren seier opp fastrenteavtalen i bindingstida, kan ikkje renta bindast på nytt før det har gått to månader. I mellomtida er renta flytande.

#### **§ 2-10. Oppheving av fastrenteavtale når det blir gitt lån eller stipend fra Lånekassen**

Avtalen om fast rente blir oppheva dersom låntakaren begynner i fulltids- eller deltidsutdanning i avtaleperioden og får lån eller stipend fra Lånekassen. Renta blir flytande den første dagen i månaden etter at avtalen er oppheva. Det blir rekna rentetap eller rentegevinst i samsvar med reglane i § 2-7.

#### **§ 2-11. Oppheving av fastrenteavtale ved permanent overføring til Statens innkrevingssentral**

Avtalen om fast rente blir oppheva dersom gjelda blir overført permanent til Statens innkrevingssentral, sjå kapittel 13.

Det blir ikkje rekna rentetap eller rentegevinst.

### **Kapittel 3. Nedbetaling og terminbeløp**

#### **§ 3-1. Nedbetalingstid og terminbeløp**

Den lengste nedbetalingstida er 20 år frå lånnet blir gjort renteberande siste gong. Når ein låntakar får utsett betalinga for ein periode, blir nedbetalingstida til vanleg gjord tilsvarende lengre. Den lengste nedbetalingstida er 30 år.

Utdanningslånnet skal betalast etter annuitetsprinsippet. Terminbeløpa blir fastsette på grunnlag av 20 års nedbetalingstid for lån over kr 256 000. I særlege tilfelle kan Lånekassen fastsetje terminbeløpa på ein annan måte.

Lånnet skal vere nedbetalt innan låntakaren fyller 65 år. For låntakarar over 45 år blir terminbeløpa auka slik at nedbetalingstida blir maksimalt 20 år.

Terminbeløpet blir justert når rentesatsen blir endra.

#### **§ 3-2. Betalingsplan**

Lånekassen sender ut ein betalingsplan når lånnet er gjort renteberande etter § 2-1.

Ein låntakar som har fått betalingsplan og deretter har fått lån eller stipend til ny utdanning, får ny betalingsplan for den samla gjelda.

#### **§ 3-3. Ekstra innbetaling**

Låntakarar som har flytande rente, kan innfri gjelda eller betale ned raskare og med større beløp enn det som er fastsett i betalingsplanen, utan ekstra kostnader.

For låntakarar som har fast rente etter § 2-5, vil ekstra innbetaling i avtaleperioden føre til at det blir rekna rentetap eller rentegevinst etter § 2-7 og § 2-8.

Ekstra innbetalingar kan berre refunderast i særlege tilfelle.

#### **Merknad**

Kundar som har lån som skal bli gjort om til stipend, og som innfriar heile gjelta før siste omgjering er utført, kan få refundert stipendbeløpet. Dette gjeld berre for kundar som har fått støtte i den perioden som blir behovsprøvd.

## Kapittel 4. Rekning og gebyr

### § 4-1. Betaling av rekning

Utdanningsgjelda skal nedbetalast månadleg.

Låntakaren får den første rekninga om lag sju månader etter at lånet er gjort renteberande, sjå § 2-1.

Ein låntakar som får lån eller stipend til deltidsutdanning og allereie har ein betalingsplan for lån, skal betale etter denne planen. Når låntakaren ikkje lenger får lån eller stipend, får han eller ho ny betalingsplan for heile gjelda. Låntakaren får ikkje nokon betalingspause som nemnd i andre ledet.

Terminbeløpet skal betalast sjølv om låntakaren ikkje har fått rekninga.

### § 4-2. Gebyr ved rekning på papir og ved purring

Det blir lagt til eit gebyr på 18 kroner for låntakarar som får rekning på papir.

Låntakarar som ikkje kan bruke elektronisk varsling på grunn av dokumentert synshemmning, slepp dette gebyret.

Ved den første purringa blir det lagt til eit gebyr på 280 kroner.

Ved den andre purringa blir eit gebyr på 490 kroner lagt til det første gebyret. Den andre purringa er eit varsel om oppseiing av heile gjelda.

### § 4-3. Prioriteringsrekkefølgje ved innbetaling og kostnader ved betalinga

Ei innbetaling dekkjer, i denne rekkefølgja: eventuelle inkassokostnader, gebyr, renter og lån.

Låntakaren skal dekkje kostnadene ved betaling av gjelda, til dømes gebyr ved betaling frå utlandet.

## Kapittel 5. Misleghald av betalingsplikta

### § 5-1. Følgjer av å ikkje betale etter den andre purringa

Dersom låntakaren ikkje betaler innan fristen i den andre purringa, gjer Lånekassen vedtak om oppseiing av lånet, slik at heile gjelda forfall til betaling. Statens innkrevjingssentral tek over innkrevjinga.

Det blir rekna renter etter forsinkelsesrenteloven av hovudstolen og kapitaliserte renter frå oppseiingsdatoen.

Oppseiinga blir oppheva dersom låntakaren betaler eller får betalingsutsetjing for dei forfalne ubetalte terminbeløpa. Når oppseiinga blir oppheva, trekkjer Lånekassen saka tilbake frå Statens innkrevjingssentral, og låntakaren får igjen rekningar frå Lånekassen.

#### Merknad

Dersom låntakaren kjem à jour med betalinga, blir oppseiinga av lånet oppheva, og det blir ikkje lenger lagt til forseinkingsrenter.

Utleggspant som er teke i eigendelane til låntakaren før saka blir tilbakekalla, blir ståande. Spørsmål om utleggspant skal rettast til Statens innkrevjingssentral.

### § 5-2. Avtale om betaling av misleghalden gjeld

Dersom låntakaren ikkje betaler heile det ubetalte terminbeløpet, kan Statens innkrevjingssentral og låntakaren inngå betalingsavtale for det forfalne beløpet.

#### **§ 5-3. *Tvangsinnkrevjing***

Krav om tilbakebetaling av utdanningsgjeld er tvangsgrunnlag for utlegg. Ved vesentleg misleghald kan Statens innkrevjingssentral som særnamsmann gjennomføre utleggsforretning for heile gjelda etter reglane i tvangfullbyrdingsloven. Statens innkrevjingssentral kan også sende kravet om utlegg til namsmannen på staden.

Dersom dei forfalne terminbeløpa blir betalte, kan innkrevjinga bli stansa.

#### *Merknad*

Klage på for lågt eller for høgt lønnstrekk , eller anna som gjeld utleggsforretninga, skal rettast til Statens innkrevjingssentral.

#### **§ 5-4. *Låntakarar som bur i utlandet***

Dersom låntakaren er busett i utlandet, kan Statens innkrevjingssentral krevje inn gjelta der låntakaren bur. Statens innkrevjingssentral kan bruke inkassobyrå, advokat eller rettsapparatet. Innkrevjinga kan bli stansa dersom dei forfalne terminbeløpa blir betalte, sjølv om saka er oversend til inkassobyrå eller advokat.

#### **§ 5-5. *Gebyr og kostnader***

Låntakaren kan bli belasta gebyr og kostnader knytte til tilbakebetaling og innkrevjing av gjelta.

#### **§ 5-6. *Permanent overføring til Statens innkrevjingssentral***

Gjelta til låntakaren kan bli permanent overført til Statens innkrevjingssentral når ho har vore oppsagt i tre år.

Ei permanent overføring av gjelta til Statens innkrevjingssentral fører til tap av rettar etter denne forskrifta og etter forskrifta om tildeling av utdanningsstøtte.

#### **§ 5-7. *Gjeld som ikkje blir permanent overført til Statens innkrevjingssentral***

Gjelta blir ikkje permanent overført til Statens innkrevjingssentral dersom eit av desse vilkåra er til stades:

- a) Låntakaren har ei frivillig eller tvungen betalingsordning.
- b) Låntakaren har betalt inn eit beløp tilsvarende minst seks terminbeløp dei siste tolv månadene.
- c) Låntakaren sannsynleggjer at den noverande situasjonen gir rett til betalingsutsetjing, sletting av renter eller sletting av gjeld.
- d) Det finst særlege grunnar til ikkje å overføre gjelta.

Krav om unntak må vere grunnlagt og sett fram innan den fristen som er oppgitt i varselet om permanent overføring av gjelta til Statens innkrevjingssentral. Krav om unntak som kjem etter at gjelta er permanent overført, blir ikkje behandla.

#### *Merknad*

For å gjere sannsynleg at den noverande situasjonen gir rett til betalingsløfte etter kapittel 8, må låntakaren sende inn dokumentasjon som viser at han er i ein situasjon som kan gi rett til

sletting av renter for ein periode på éin månad eller lenger.

For å gjere sannsynleg at den noverande situasjonen gir rett til betalingslette etter kapittel 12, må låntakaren sende inn kopi av pensjonsbrevet frå Nav som viser at han mottek uføretrygd på grunn av varig nedsett inntektsevne. I tillegg må låntakaren oppgi samla forventa bruttoinntekt for inneverande år.

#### *Merknad*

Dersom låntakaren dokumenterer å ha rett til betalingslette i delar av dei tre siste åra, men den noverande situasjonen ikkje gir rett til lette, er det ein føresetnad for å unngå ei permanent overføring at det også blir inngått ein betalingsavtale.

#### *Merknad*

Gjelda blir ikkje permanent overført og låntakaren misser ikkje rettar etter § 5-6 dersom han inngår ein betalingsavtale med Lånekassen. Betalingsavtalen blir følgd opp av Statens innkrevjingssentral.

### **Kapittel 6. Gjeldsordning og gjeld som er uråd å drive inn**

#### **§ 6-1. Utanrettsleg gjeldsordning ved økonomiske vanskar**

Låntakarar med økonomiske vanskar kan søkje om utanrettsleg gjeldsordning. Søknaden skal rettast til Statens innkrevjingssentral. Søknaden skal innehalde dokumenterte opplysningar om inntekta, formuen, gjelta og levekostnadene til låntakaren, og det skal stå kor mange barn han eller ho har. Søknaden skal innehalde tilsvarende opplysningar om ektefellen eller sambuaren i tillegg til anna som kan ha noko å seie for saka.

#### **§ 6-2. Gjeldsordning etter gjeldsordningsloven**

Låntakarar med økonomiske vanskar kan søkje om gjeldsordning etter gjeldsordningsloven. Søknaden skal rettast til Statens innkrevjingssentral.

#### **§ 6-3. Lån eller stipend i periodar med gjeldsforhandling og gjeldsordning**

I gjeldsforhandlingsperioden og i gjeldsordningsperioden kan låntakaren som hovudregel ikkje få nytt lån eller stipend, med mindre dette er avtalt i ordninga. Misleghald kan føre til avslag på søknad om nytt lån eller stipend.

#### **§ 6-4. Sletting av gjeld som er uråd å drive inn**

Lån, renter og kostnader kan bli sletta når det er uråd å drive inn gjelta. Søknaden skal rettast til Statens innkrevjingssentral. Søknaden skal innehalde dokumenterte opplysningar om inntekta, formuen, gjelta og levekostnadene til låntakaren, og det skal stå kor mange barn han eller ho har. Søknaden skal innehalde tilsvarende opplysningar om ektefellen eller sambuaren i tillegg til anna som kan ha noko å seie for saka.

I vurderinga av søknaden skal det leggjast vekt på om betalingsevna er varig sterkt nedsett, og kor lenge misleghaldet har vart. Det skal også leggjast vekt på kva tiltak som har vore gjennomførte i saka, og kva tiltak som vil vere mest tenlege for innkrevjinga i framtida. Låntakaren kan ikkje få sletta gjeld dersom det vil verke støytande for andre låntakarar og samfunnet elles.

### **§ 6-5. Innskrenka klagerett**

Låntakaren har ikkje klagerett etter reglane i forvaltningsloven på avgjerder i saker om betalingsordning utanfor gjeldsordningsloven eller i saker om sletting av gjeld som Lånekassen ser det som uråd å drive inn.

#### *Merknad*

Søknad skal sendast til Statens innkrevjingssentral sjølv om gjelda ikkje er sagd opp.

## **Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2019**

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 17. desember 2018 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven) §§ 8, 9, 10, 14 og 15.

[Kapittel 7. Betalingsutsetjing](#)

[Kapittel 8. Sletting av renter](#)

### **Andre delen. Betalingsutsetjing og sletting av renter**

#### **Kapittel 7. Betalingsutsetjing**

##### **§ 7-1. Utsetjing med betalinga av terminbeløpet**

Utsetjing med betalinga av eit terminbeløp fører til at nedbetalingstida blir éin månad lengre. Låntakaren kan få utsett betalinga av terminbeløpa opp til 36 gonger for kvart låneforhold, slik at nedbetalingstida blir opp til tre år lengre. Eit låneforhold varer til lånet er innfridd.

Betalingsutsetjing kan likevel ikkje gå ut over rammene for nedbetalingstid i kapittel 3.

#### *Merknad*

Dersom det er sletta renter for ein periode der det først berre er gitt utsetjing, tel ikkje utsetjinga med i samla tid etter § 7-1.

##### **§ 7-2. Utsetjing med betalinga av terminbeløpa ved sletting av renter**

Ein låntakar som oppfyller krava til sletting av renter, har rett til utsetjing med betalinga av terminbeløpa i den same perioden.

Dersom det er sannsynleg at låntakaren vil få innvilga ein søknad om sletting av renter for ein periode, kan det bli gitt betalingsutsetjing for denne perioden. Dette gjeld sjølv om formues- og inntektskatten for perioden ikkje er fastsett.

Betalingsutsetjing kan likevel ikkje gå ut over rammene for nedbetalingstid i kapittel 3.

#### *Merknad*

Dersom ein låntakar i løpet av eit fastsettingsår (likningsår) har fått sletta renter og utsatt betalinga, kan somme av betalingsutsetjingane bli rekna inn under § 7-2. Berre

utsetjingar som fell inn i ein dokumentert årsaksperiode, kan bli rekna inn under § 7-2. Utsetjingar blir gitt for like mange månader som det er sletta renter.

#### *Merknad*

Ved søknad om betalingsutsetjing utover grensa i § 7-1, kan det i første omgang bli gitt betalingsutsetjing når det er sannsynleg at renter kan bli sletta. Låntakaren må leggje ved dokumentasjon som viser at årsaksvilkåret er oppfylt, og dokumentasjon på bruttoinntekta i perioden. I tillegg må låntakaren oppgi forventa brutto årsinntekt. For låntakarar i Norge, hentar Lånekassen inn opplysningar om inntekt frå a-ordninga.

Dersom det tidlegare er gitt betalingsutsetjing etter dette punktet og det i ettertid viser seg at låntakaren ikkje hadde rett til å få sletta renter, er hovudregelen at vi ikkje kan gi fleire utsetjingar.

#### *Merknad*

Låntakere som har gjennomført utdanning på fulltid uten støtte fra Lånekassen, når det kunne ha vore gitt støtte etter forskrifta om utdanningsstøtte, kan (etter søknad) få betalingsutsetjing etter dette punktet tilsvarande betalingspausen etter reglane i § 4-1.

## **Kapittel 8. Sletting av renter**

### **§ 8-1. Vilkår for sletting av renter**

Renter blir sletta for ei viss tid dersom låntakaren i den same perioden har inntekt under grensene i § 8-2 og § 8-3 og har oppfylt vilkår i § 8-4 eller § 8-5.

Fulltidsutdanning kan også gi rett til sletting av renter. Sjå § 8-6.

Renter blir sletta på etterskott og for heile månader. Med månad er meint ein periode på 30 dagar.

#### *Merknad*

Låntakaren kan ha rett til å få sletta renter for heile eller delar av perioden med dokumentert årsak. Dersom person- og kapitalinntekta fører til at låntakaren ikkje får rentefritak for heile perioden, blir renter sletta frå starten av perioden og framover, i så mange månader som låntakaren har rett til å få sletta renter.

#### *Merknad*

Også sletting av renter under sjølvfinansiert utdanning blir gitt på etterskott. Sjå §§ 8-5 og 8-6.

#### *Merknad*

Med ein månad er meint ein periode som går frå ein dato i éin kalendermånad til og med same dato i neste kalendermånad, minus éin dag. Dersom forholdet eller forholda som gir rett til å få sletta renter, strekkjer seg over meir enn 14 dagar av ein månad, blir rentene for denne månaden sletta. Dersom forholdet varer 14 dagar eller kortare i ein månad, blir det ikkje sletta renter for denne månaden.

#### *Merknad*

Lånekassen legg til grunn belasta renter i den perioden renter skal slettast. Også eventuelt for mykje belasta rentesrenter blir sletta. Beløpet blir trekt frå gjelda til låntakaren og blir postert i samsvar med posteringsrekkefølgja i § 4-3, med unntak av at beløpet ikkje blir postert mot ein eventuell gebrysaldo og kostnader.

*Merknad*

Beløpet som blir sletta blir ikkje utbetalt, bortsett frå dersom gjelda er innfridd. Beløp under kr 50 blir ikkje refundert automatisk.

*Merknad*

Oppteningstida for å få sletta renter blir rekna frå og med den datoен lånet blei sett renteberande og til og med den datoen lånet eventuelt ikkje er rentebærande.

**§ 8-2. Krav til eiga inntekt**

Ein låntakar som har hatt ei person- og kapitalinntekt per år som er under ei grense i tabellen nedanfor, kan få sletta rentene for så mange månader som er knytte til inntektsgrensa i tabellen, dersom minst eitt av vilkåra i § 8-4 eller § 8-5 var oppfylt desse månadene.

| <b>Person- og kapitalinntekt per år, i kroner</b> |             |             |             | <b>Tal på månader med rett til sletting av renter</b> |
|---|-------------|-------------|-------------|---|
| <b>2016</b>                                       | <b>2017</b> | <b>2018</b> | <b>2019</b> |   |
| 310 142   | 318 516     | 328 071     | 338 733     | 1   |
| 305 019   | 313 255     | 322 653     | 333 139     | 2   |
| 299 898   | 307 995     | 317 235     | 327 545     | 3   |
| 294 775   | 302 734     | 311 816     | 321 950     | 4   |
| 289 653   | 297 474     | 306 398     | 316 356     | 5   |
| 284 530   | 292 212     | 300 978     | 310 760     | 6   |
| 279 409   | 286 953     | 295 562     | 305 168     | 7   |
| 274 286   | 281 692     | 290 143     | 299 573     | 8   |
| 269 164   | 276 431     | 284 724     | 293 978     | 9   |
| 264 042   | 271 171     | 279 306     | 288 383     | 10  |
| 258 919   | 265 910     | 273 887     | 282 788     | 11  |
| 253 797   | 260 650     | 268 470     | 277 195     | 12  |

Inntektsgrensene i tabellen blir heva med eit fast beløp for kvart barn som låntakaren har forsørgd, til og med det året barnet fyller 16 år. For 2019 blir inntektsgrensa heva med 15 020 kroner for kvart barn. For 2018 blir inntektsgrensa heva med 14 547 kroner for kvart barn. For 2017 blir inntektsgrensa heva med 14 123 kroner for kvart barn. For 2016 blir inntektsgrensa heva med 13 752 kroner for kvart barn.

*Merknad*

Når inntektsgrensa skal aukast på grunn av barn, er desse borna omfatta:

- barn av låntakaren, også barn som låntakaren betaler bidrag for
- barn av låntakaren sin ektefelle som bur saman med låntakaren minst 40 prosent av tida

- barn av låntakaren sin sambuar som bur saman med låntakaren minst 40 prosent av tida, dersom låntakaren og sambuaren i tillegg har felles barn

## Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2019

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 17. desember 2018 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven) §§ 8, 9, 10, 14 og 15.

[Kapittel 9. Sletting av gjeld for låntakarar i Finnmark og utvalde kommunar i andre fylke](#)

[Kapittel 10. Sletting av gjeld for låntakarar som har fullført visse lærarutdanningar](#)

[Kapittel 11. Sletting av gjeld for låntakarar som har fullført grunnskolelærarutdanning eller](#)

[lektorutdanning](#)

[Kapittel 12. Sletting av gjeld for låntakarar som er uføre](#)

### Tredje delen. Sletting av gjeld

#### Kapittel 9. Sletting av gjeld for låntakarar i Finnmark og utvalde kommunar i andre fylke

##### **§ 9-1. Vilkår for å få sletta gjeld**

Låntakarar kan få sletta delar av utdanningsgjelda dersom dei har vore busette og yrkesaktive i Finnmark eller i ein av kommunane Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen eller Karlsøy i Nord-Troms i ein oppteningsperiode på tolv månader. I særlege tilfelle kan ordninga òg omfatte låntakarar som i ei kort tid har hatt arbeid ein annan stad.

Utan omsyn til bustad omfattar ordninga òg låntakarar som i tolv månader i strekk har vore yrkesaktive legar i desse kommunane:

Troms: Gratangen, Ibestad, Torsken og Berg

Nordland: Tysfjord, Rødøy, Nesna, Bø, Øksnes, Evenes, Vega, Flakstad, Moskenes og Andøy

Trøndelag: Leka, Fosnes, Rørvik, Høylandet og Lierne

Møre og Romsdal: Aure

##### **§ 9-2. Sletting av gjeld**

Gjeld kan slettast med ti prosent per år rekna av lånesummen ved avslutta utdanning, men ikkje med meir enn kr 25 000 eller mindre enn kr 2 000 per år.

Berre renteberande lån inngår i summen. Dersom gjeld er sletta etter at lånet er gjort renteberande, blir summen redusert tilsvarande. Det same skjer dersom låntakaren har fått lån eller stipend som han eller ho ikkje hadde rett til. Summen blir ikkje endra dersom lån blir gjort om til stipend etter at lånet er gjort renteberande.

##### **§ 9-3. Vilkår for å bli rekna som yrkesaktiv**

Som yrkesaktiv i oppteningsperioden reknar ein den som gjennom oppteningsperioden

- a) hadde arbeid tilsvarande minst 50 prosent av fulltidsarbeid

- b) hadde fulltidsarbeid i minst seks månader og var registrert som arbeidssøkjar til fulltidsarbeid i resten av perioden
- c) hadde omsorg for barn født i 2009 eller seinare eller hadde særleg tyngjande omsorgsplikter i den nærmaste familien
- d) hadde studiepermisjon med lønn eller stipend tilsvarende minst 50 prosent av full stilling, dersom lønna blei betalt av ein arbeidsgivar i Finnmark eller i ein av dei utvalde kommunane i Nord-Troms
- e) var tilsett i transportsektoren, på skip, på oljeleitingsfartøy eller på faste installasjonar på kontinentalsokkelen og samtidig blei rekna som busett etter § 9-5
- f) hadde arbeid som lege i ein av dei utvalde kommunane nemnde i § 9-1 andre ledd og blei rekna som yrkesaktiv av fylkeslegen.

Den tida ein låntakar er sjukmeld, blir rekna med i oppteningsperioden.

#### *Merknad*

Låntakaren blir rekna som yrkesaktiv dersom gjennomsnittleg yrkesaktivitet i oppteningsperioden utgjer minst 50 prosent. Låntakaren må ha vore yrkesaktiv i heile perioden.

#### *Merknad til bokstav b*

Registrert arbeidsløyse i oppteningsperioden gir ikkje rett til ettergiving når låntakaren har rett til støtte under utdanning.

#### *Merknad til bokstav b*

Ein låntakarar som deltek i arbeidsmarknadstiltak i regi av Nav, blir rekna som registrert arbeidsledig.

#### *Merknad til bokstav c*

Omsorg for barn gjeld egne barn låntakaren bur saman med minst 40 prosent av tida. Vi godtek gjennomsnittsutrekning.

Med "særleg tyngande omsorgsplikter" er det til vanleg meint fulltidsomsorg for ein person som er ufør, funksjonshemma eller alderssvekt. Omfanget av pleiebehovet må vere stadfest av lege, sosialkontor, helsestell eller annan faginstans. Dersom pleiebehovet ikkje tilsvarer omsorg på fulltid, må låntakaren i tillegg vere yrkesaktiv/arbeidssøkjar.

#### *Merknad til bokstav d*

Studiepermisjon som blir teken ut over lengre tid med redusert lønn, gir opptening for ein periode som tilsvarer det tidsrommet låntakaren har rett til permisjon med full lønn. Det er ikkje et krav at låntakaren er busett i regionen i den tida han/ho har studiepermisjon.

#### *Merknad til bokstav e*

Busette i regionen med eit arbeid som gjer at dei må utføre arbeid både i og utanfor regionen, kan bli vurderte etter denne regelen.

### **§ 9-4. Låntakarar som ikkje blir rekna som yrkesaktive**

- Låntakaren blir ikkje rekna som yrkesaktiv i den aktuelle perioden dersom han eller ho
- a) fekk eller kunne fått lån eller stipend frå Lånekassen til fulltidsutdanning, har vore i førstegongsteneste eller i utdanning ved ein militær skole
  - b) hadde omsorg for barn født i 2009 eller seinare eller hadde særleg tyngjande omsorgsplikter i den nærmaste familien, og samtidig var meir enn 50 prosent yrkesaktiv utanfor Finnmark og dei utvalde kommunane i Nord-Troms
  - c) fekk arbeidsavklaringspengar, med mindre han eller ho samtidig har oppfylt vilkår for yrkesaktivitet etter § 9-3.

#### **§ 9-5. Vilkår for å bli rekna som busett**

Låntakaren blir rekna som busett i Finnmark eller i ein av dei utvalde kommunane i Nord-Troms i oppteningsperioden berre dersom han eller ho gjennom oppteningsperioden hadde både faktisk og folkeregistrert bustad på staden.

Dersom det er dokumentert at låntakaren faktisk var busett og yrkesaktiv på staden, kan Lånekassen i særlege tilfelle slette gjeld sjølv om låntakaren ikkje hadde folkeregistrert adresse på staden i heile oppteningsperioden.

#### **§ 9-6. Krav til oppteningsperioden**

Oppteningsperioden er tolv samanhengande månader. Sletting av gjeld skjer etter at oppteningsperioden er ute.

Oppteningsperioden startar den datoен låntakaren blir rekna som yrkesaktiv og som busett. For låntakarar som held fram med å arbeide etter den første oppteningsperioden og framleis blir rekna som busette, blir seinare oppteningsperiodar rekna frå dagen etter at den første oppteningsperioden er ute.

Dersom oppteningsperioden blir avbroten på grunn av førstegongsteneste eller utdanning, kan det gjerast unntak frå kravet om samanhengande oppteningsperiode. Ved avbrot på grunn av utdanning kan det gjerast unntak berre éin gong og for opp til eitt år.

Dersom oppteningsperioden går over fleire kalenderår, skal forskrifta som gjaldt ved starten av perioden brukast, med mindre reglane blir endra til fordel for låntakaren.

#### **Merknad**

Dersom oppteningsperioden blir avbroten på grunn av førstegongsteneste eller utdanning, kan den optente tiden før tenesta eller utdanninga bli rekna med i oppteningsperioden. Det er ikkje eit krav at utdanninga gir rett til støtte.

#### **§ 9-7. Sletting av gjeld for lærarar i grunnskolen**

Kvalifiserte lærarar i grunnskolen som har vore yrkesaktive i grunnskolen i Finnmark eller dei utvalde kommunane i Nord-Troms, kan få sletta inntil 20 000 kroner ekstra av gjelda i året. Gjeld slettast utan omsyn til bustad.

Med kvalifiserte lærarar i grunnskolen er meint dei som oppfyller kompetansekrava for tilsetting av undervisningspersonell i grunnskolen etter opplæringslova § 10-1 og tilhøyrande forskrift.

Låntakaren må ha vore yrkesaktiv i undervisningsstilling i grunnskolen i tolv samanhengande månader. Oppteningsperioden startar tidlegast frå og med 1. august 2017.

Reglane i kapittelet her gjeld så langt dei passar.

## **§ 9-8. Innbetalingar**

I den første oppteningsperioden skal låntakaren betale avdrag, renter og eventuelle gebyr. I seinare oppteningsperiodar skal låntakaren ikkje betale avdrag, men alle rentene og eventuelle gebyr som er lagde til, skal betalast.

Har låntakaren betalt avdrag på lånet etter den første oppteningsperioden, blir beløpet berre refundert dersom låntakaren ber om det. Krav om refusjon må setjast fram innan tre år etter at avdraget er betalt.

### *Merknad*

Terminbeløpa som forfell i løpet av dei tolv første månadene etter utløpet av oppteningsperioden, blir sett til rentesaldoen på forfallsdato. Terminbeløpa kan likevel ikkje vere større enn dei beløpa låntakaren har etter den ordinære betalingsplanen.

Låntakaren blir varsle etter den ordinære betalingsplanen når han eller ho ikkje lenger har rett til ettergiving, eller ikkje søker om ny ettergiving.

### *Merknad*

Innfriingstidspunktet i betalingsplanen blir ikkje endra, med mindre perioden der låntakaren ikkje skal betale avdrag, strekk seg utover tidspunktet for når gjelda skulle vore betalt.

### *Merknad*

Låntakar som har fylt 65 år, treng berre betale renter frem til han eller ho ikkje lenger har rett til sletting av gjeld.

## **§ 9-9. Sletting av gjeld ved misleghalden betalingsplikt**

Når det er sendt varsel om oppseiing av lånet, kan ein søknad om sletting av gjeld ikkje behandlast før det forfalne terminbeløpet er betalt, med mindre det kan gjevast betalingsutsetjing.

Forfalne terminbeløp som skulle ha vore betalte før den første oppteningsperioden er ute, blir ikkje sletta. Det blir gjort unntak dersom låntakaren har rett til betalingsutsetjing.

### *Merknad*

Ein låntakar som har misleghalte betalingspliktene sine overfor Lånekassen, slik at lånet er oppsagt på tidspunktet for ettergiving, kan få rett til ettergiving for den delen av lånet som ikkje har forfalle til betaling, dersom det er inngått ein betalingsavtale som blir følgd.

## **§ 9-10. Søknadsfrist**

Søknad om sletting av gjeld må sendast inn etter kvar ny oppteningsperiode, med ny dokumentasjon. Søknaden må vere motteken i Lånekassen seinast tre månader etter at oppteningsperioden er ute.

### *Merknad*

Søknad om ettergiving må sendast på eige skjema. Søknaden kan sendast via nettet eller på papir.

## **Kapittel 10. Sletting av gjeld for låntakarar som har fullført visse lærarutdanninger**

### **§ 10-1. Sletting av gjeld etter visse lærarutdanninger**

Låntakarar som har fullført visse lærarutdanningar, kan få sletta opp til 50 000 kroner av gjelda. Det går fram av § 10-2, § 10-3, § 10-4 og § 10-5 kva utdanningar som er omfatta.

Gjeld blir ikkje sletta meir enn éin gong for kvar lærarutdanning.

#### **§ 10-2. *Realfag***

Ordninga omfattar låntakarar som har fullført ei av desse utdanningane:

- a) integrert masterprogram i lærarutdanning med spesialisering i realfag
- b) toårig fagdidaktisk masterprogram for lærarar som tek spesialisering i realfag
- c) praktisk-pedagogisk utdanning, etter fullført mastergrad eller hovudfag i biologi, fysikk, geofag, informasjonsteknologi, kjemi, matematikk eller teknologiske fag eller fullført sivilingeniørutdanning
- d) praktisk-pedagogisk utdanning, etter fullført ingeniørutdanning.

#### **§ 10-3. *Framandspråk***

Ordninga omfattar låntakarar som har fullført ei av desse utdanningane:

- a) integrert masterprogram i lærarutdanning med spesialisering i framandspråk
- b) toårig fagdidaktisk masterprogram for lærarar som tek spesialisering i framandspråk
- c) praktisk-pedagogisk utdanning, etter fullført mastergrad eller hovudfag i framandspråk.

Nordisk og norsk blir ikkje rekna som framandspråk etter denne ordninga.

#### **§ 10-4. *Kvensk eller samisk som ein del av utdanninga***

Ordninga omfattar låntakarar som har tatt minst 60 studiepoeng i kvensk eller eit samisk språk som ein del av ei av desse utdanningane:

- a) samisk grunnskolelærarutdanning
- b) samisk barnehagelærarutdanning
- c) grunnskolelærarutdanning
- d) lektorutdanning

#### **§ 10-5. *Kvensk eller samisk i tillegg til anna utdanning***

Ordninga omfattar låntakarar som har tatt minst 60 studiepoeng i kvensk eller eit samisk språk i tillegg til ei av desse utdanningane:

- a) praktisk-pedagogisk utdanning
- b) barnehagelærarutdanning.

#### **§ 10-6. *Søknadsfrist***

Søknad om sletting av gjeld må vere kommen inn til Lånekassen seinast seks månader etter at låntakaren har teke siste eksamen i den utdanninga som gir grunnlag for sletting av gjeld.

Lånekassen kan gjere unntak frå fristen dersom det er særlege grunnar til at søkerfristen ikkje kan bli halden.

### **Kapittel 11. Sletting av gjeld for låntakarar som har fullført grunnskolelærarutdanning eller lektorutdanning**

#### **§ 11-1. *Vilkår for å få sletta gjeld***

Låntakarar kan få sletta delar av utdanningsgjelda dersom dei har fullført grunnskolelærarutdanning for trinn 1-7 eller for trinn 5-10 eller lektorutdanning for trinn 8-13 på normert tid. Låntakaren må òg ha vore yrkesaktiv i ei undervisningsstilling i grunnskolen eller i den vidaregåande opplæringa i ei oppteningsperiode etter avslutta utdanning. Ordninga omfattar låntakarar som starter grunnskolelærarutdanning eller lektorutdanning frå og med 2017-2018.

Utan omsyn til fullføring på normert tid omfattar ordninga òg låntakarar som har fullført grunnskolelærarutdanning for trinn 1-7 eller for trinn 5-10 eller lektorutdanning for trinn 8-13, og som i oppteningsperioden har arbeidd i grunnskolen eller i den vidaregåande opplæringa i Nordland, Troms eller Finnmark.

#### *Merknad*

Låntakarar som tek utdanning på deltid kan også få sletta gjeld etter § 11-1, så lenge han eller ho har fullført utdanninga innanfor normert tid for deltidsutdanninga.

#### **§ 11-2. Sletting av gjeld**

Gjeld kan slettast med 106 000 kroner for låntakarar som har fullført grunnskolelærarutdanning for trinn 1-7 på normert tid.

Gjeld kan slettast med 51 000 kroner for låntakarar som har fullført grunnskolelærarutdanning for trinn 5-10 eller lektorutdanning for trinn 8-13 på normert tid.

Gjeld kan slettast med 55 000 kroner for låntakarar som har fullført grunnskolelærarutdanning for trinn 1-7 eller for trinn 5-10 eller lektorutdanning, og som i oppteningsperioden har vore yrkesaktiv i ei undervisningsstilling i grunnskolen eller i den vidaregåande skolen i Nordland, Troms eller Finnmark.

Låntakarar som har rett til sletting av gjeld etter første eller andre ledd kan òg ha rett til sletting av gjeld etter tredje ledd dersom vilkåra for dette er til stades.

#### **§ 11-3. Unntak frå kravet om fullføring på normert tid**

Låntakeren kan få sletta gjeld etter § 11-2 første eller andre ledd sjølv om utdanninga ikkje blei gjennomført på normert tid, dersom årsaka til at låntakaren brukte lengre tid var

- a) funksjonshemming i studiesituasjonen, jf. § 9-3 andre ledd i forskrift om tildeling av utdanningsstøtte
- b) at låntakaren har fått barn i utdanningsperioden
- c) at låntakaren blei forseinka på grunn av sjukdom
- d) at låntakaren samtidig hadde tillitsverv på fulltid i minst tre månader i strekk i ein landsomfattande studentorganisasjon, eller i tilknyting til ein utdanningsinstitusjon eller ein studentsamskipnad

#### **§ 11-4. Krav til oppteningsperioden**

Låntakaren må ha vore yrkesaktiv i ei undervisningsstilling på minst 50 prosent i grunnskolen eller i den vidaregåande opplæringa i minst tre av dei seks første åra etter avslutta utdanning.

#### **§ 11-5. Søknadsfrist**

Søknad om sletting av gjeld må vere kommen inn til Lånekassen seinast seks månader etter at oppteningsperioden er ute.

## Kapittel 12. Sletting av gjeld for låntakarar som er uføre

### § 12-1. Rett til sletting av gjeld for låntakarar som får uføretrygd

Ein låntakar som har minst 50 prosent varig nedsett inntektsevne og får uføretrygd eller ei tilsvarende yting frå ei utanlandsk trygdeordning, kan ha rett til å få sletta gjelda heilt eller delvis dersom person- og kapitalinntekta i 2019 er 460 019 kroner eller lågare. Kravet til varig nedsett inntektsevne er berre 40 prosent dersom låntakaren fekk arbeidsavklaringspengar heilt fram til vedtaket om uføretrygd.

Låntakaren har rett til å få sletta gjeld etter tabellen nedanfor.

Tabell for 2019 over inntektsgrenser, ny gjeld og nytt terminbeløp etter sletting av gjeld

| Person- og kapitalinntekt per år | Ny gjeld  | Nytt terminbeløp |
|----------------------------------|-----------|------------------|
| kr 0-319 035                     | kr 0      | kr 0             |
| kr 319 036 - 354 176             | kr 64 477 | kr 688           |
| kr 354 177 - 388 218             | kr 75 193 | kr 826           |
| kr 388 219 - 424 143             | kr 86 065 | kr 974           |
| kr 424 144 - 460 019             | kr 96 781 | kr 1 110         |

Inntektsgrensene i tabellen blir heva med 15 020 kroner per år for kvart barn som låntakaren forsørgjer, til og med det året barnet fyller 16 år. Inntekt som er registrert på barna til låntakaren, blir ikkje rekna med.

Søknaden om sletting av gjeld blir behandla etter vilkåra som gjeld i det året Lånekassen får søknaden. Dette gjeld også dersom vedtaket om uføretrygd er frå før søknadsåret.

Lånekassen hentar inn opplysningar om person- og kapitalinntekt frå skatteetaten.

#### Merknad

Søknader om sletting av gjeld blir vurdert etter forskrifta som gjeld det året Lånekassen har fått ein dokumentert søknad (med unntak av likningsopplysningar frå skatteetaten for det året søkeren gjeld). Det vil seie at ein søker som er motteken før 31.12.2019, blir vurdert ut ifrå inntektsgrensa som gjeld for 2019, sjølv om vedtaket om varig uførleik er gjort i eit tidlegare år. Søknaden kan ikkje bli behandla ferdig før Lånekassen får inntektsopplysningar for det året som søkeren er motteken i. Det vil seie at søkerar som har komme inn i 2019, ikkje kan bli behandla ferdig før Lånekassen får likningsopplysningar frå skatteetaten for inntektsåret 2019. Desse opplysningane får vi i 2020.

#### Merknad

Lånekassen hentar inn dokumentasjon på person- og kapitalinntekt i Noreg direkte frå skatteetaten.

#### Merknad

Ettergiving skal vurderast på bakgrunn av avklara og varig inntekt. Inntektsforholdet må derfor vere endeleg avklart før ettergiving kan bli vurdert. Dersom det er sannsynleg at

låntakaren vil få heile eller ein del av gjelda ettergitt, kan låntakaren få betalingsutsetjing medan saka er til behandling.

*Merknad*

Ettergivinga blir fastsett i samsvar med brutto inntekt per år (summen av trygde- og arbeidsinntekter osv.). Uførretrygda må vere innvilga før gjelda kan bli ettergitt.

*Merknad*

Ved nedskriving (delvis ettergiving) blir først kostnader, gebyr, rentesaldo og deretter lånesaldoen redusert.

*Merknad*

Når inntektsgrensa skal aukast på grunn av barn, er desse borna er omfatta:

- barn av låntakaren, også barn som låntakaren betaler bidrag for
- barn av låntakaren sin ektefelle som bur saman med låntakaren minst 40 prosent av tida
- barn av låntakaren sin sambuar som bur saman med låntakaren minst 40 prosent av tida, dersom søkjaren og sambuaren i tillegg har felles barn

Barnet må vere registrert i folkeregisteret.

*Merknad*

Det blir sett bort fra barnetillegg og barnepensjon som låntakaren får for barn over 16 år.

*Merknad*

Innbetalingar som er gjorde før søkeren om ettergiving er motteken i Lånekassen, blir ikkje refunderte. Låntakarar med månadlege betalingsavtalar/trekk i trygdeutbetalingar kan få refundert innbetalingar som er gjorde etter at søkeren om ettergiving er kommen inn til Lånekassen. Utlegg som er tekne i etterbetaling av trygdeytingar, kan bli refunderte når låntakaren har rett til ettergiving.

Studiegjeld som er innfridd, blir ikkje refundert sjølv om låntakaren seinare blir ufør.

Innbetalingar som er gjort før søkeren om ettergivelse er mottatt i Lånekassen, blir ikke refundert.

*Merknad*

Låntakar som fyller vilkåra i § 12-1 har rett til å få satt ned terminbeløpet, sjølv om dette fører til lengre nedbetalingstid/høgare alder enn det som følgjer av § 3-1.

**§ 12-2. Oppheving av vedtak om sletting av gjeld når låntakaren får lån eller stipend**

Dersom låntakaren får lån eller stipend etter forskrift om tildeling av utdanningsstøtte, blir vedtaket om sletting av gjeld oppheva. Renter som er sletta, blir ikkje lagde til igjen. Er vedtaket om sletting av gjeld gjort for meir enn ti år sidan, blir det ikkje oppheva.

*Merknad*

Vedtaket om ettergiving blir ikke oppheva ved søknad om ny støtte dersom gjelta er avskriven fordi låntakaren var ufør og låntakaren på avskrivingstidspunktet var i gjeldsordning eller i ein gjeldsforhandlingsperiode etter reglane i gjeldsordningsloven, og gjeldsordninga er gjennomført.

## Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2019

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 17. desember 2018 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven) §§ 8, 9, 10, 14 og 15.

### Fjerde delen. Gjeld som er permanent overført til Statens innkrevjingssentral

#### Kapittel 13. Gjeld som er permanent overført til Statens innkrevjingssentral og gjeldsordningar

##### § 13-1. Betalingsvilkår

Krav om tilbakebetaling av utdanningsgjeld som er permanent overført til Statens innkrevjingssentral, får lagt til renter etter den rentesatsen som blir fastsett for lån med flytande rente i Lånekassen.

Ei innbetaling dekkjer, i denne rekkefølgja: inkassokostnader, gebyr, renter og lån.

##### Merknad

Krav som blir overførte til Statens innkrevjingssentral, får lagt til renter etter den rentesatsen som blir fastsett for lån i Lånekassen etter §§ 2-3 og 2-4.

##### § 13-2. Myndigheitsutøvinga til Statens innkrevjingssentral

Statens innkrevjingssentral er kreditor for utdanningsgjeld som er permanent overført frå Lånekassen.

Krav om tilbakebetaling av utdanningsgjeld er tvangsgrunnlag for utlegg. Som særnamsmann kan Statens innkrevjingssentral halde utleggsforretning for heile gjelta etter reglane i tvangfullbyrdingsloven. Statens innkrevjingssentral kan òg sende krav om utlegg til namsmannen på staden.

##### § 13-3. Gjeldsordning etter gjeldsordningsloven

Låntakarar med økonomiske vanskar kan søkje om gjeldsordning etter gjeldsordningsloven. Søknaden skal rettast til Statens innkrevjingssentral.

##### § 13-4. Utanrettsleg gjeldsordning

Når Lånekassen har overført utdanningsgjeld permanent til Statens innkrevjingssentral, kan Statens innkrevjingssentral inngå avtale om utanrettsleg gjeldsordning.

Ein søknad om utanrettsleg gjeldsordning skal ha med dokumenterte opplysningar om inntekta, formuen, gjelta og levekostnadene til låntakaren, og det skal stå kor mange barn han eller ho har. Søknaden skal innehalde tilsvarande opplysningar om ektefellen eller sambuaren i tillegg til anna som kan ha noko å seie for saka.

Reglane i gjeldsordningsloven gjeld som utfyllande regelverk.

### **§ 13-5. Sletting av gjeld**

Statens innkrevjingssentral kan slette lån, renter og kostnader dersom låntakaren har varig sterkt nedsett betalingsevne. Låntakaren kan ikke få sletta gjeld dersom det vil verke støytande overfor andre låntakarar og samfunnet elles.

Ein søknad om sletting av gjeld skal ha med dokumenterte opplysningar om inntekta, formuen, gjelda, og levekostnadene til låntakaren, og det skal stå kor mange barn han eller ho har. Søknaden skal innehalde tilsvarende opplysningar om ektefellen eller sambuaren i tillegg til anna som kan ha noko å seie for saka.

Døyr låntakaren, blir gjelda sletta.

### **§ 13-6. Innskrenka klagerett**

Låntakaren har ikke rett til å klage etter reglane i forvaltningsloven på avgjerder i saker om sletting av gjeld på grunn av varig sterkt nedsett betalingsevne.

## **Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2019**

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 17. desember 2018 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven) §§ 8, 9, 10, 14 og 15.

### **Femte delen. Sluttføresegner**

#### **Kapittel 14. Tap av rettar**

##### **§ 14-1. Følgjer av brot på opplysningsplikta**

Dersom ein låntakar med vilje eller aktlaust har brote opplysningsplikta og såleis har fått eller prøvd å få utbetalt eller godskrive lån eller stipend som han eller ho ikke har rett til, kan låntakaren misse retten til sletting av renter, betalingsutsetjing og sletting av gjeld. Lånekassen kan krevje beløpet tilbakebetalt og rekne renter frå det tidspunktet låntakaren fekk tildelt lån eller stipend. Heile gjelda kan seiast opp og krevjast inn.

Dersom ein låntakar med vilje eller aktlaust har brote opplysningsplikta og såleis har fått sletta renter eller gjeld som han eller ho ikke har rett til, kan låntakaren misse retten til betalingsutsetjing og sletting av renter og gjeld.

I vurderinga av misleghaldet skal hovudvekta leggjast på kor lenge misleghaldet har vart, og kor mykje urettkommen lån eller stipend eller sletting av renter eller gjeld låntakaren har fått.

##### **§ 14-2. Følgjer av misleghald av betalingsplikta**

Misleghald av betalingsplikta kan føre til avslag på søknad om lån eller stipend til ny utdanning etter forskrift om tildeling av utdanningsstøtte, og avslag på søknad om betalingsutsetjing, sletting av renter og gjeld.

*Merknad*

Låntakarar som har fått gjelda avskriven som ei fordring det blir sett på som uråd å drive inn, eller har fått gjelda permanent overført til Statens innkrevjingsentral, kan som hovudregel ikkje få ny støtte. Dersom heile kravet er innbetalt, kan tildeling av ny støtte bli vurdert.

## Kapittel 15. Ikraftsetjing

### § 15-1. *Ikraftsetjing*

Forskrifta gjeld frå 1. januar 2019.

A

Tabell for inntektsgrenser ved rentefritak for 2019 – tillegg for barn

| Inntekt 1 barn | Inntekt 2 barn | Inntekt 3 barn | Inntekt 4 barn | Utsettelser etter § 7-2 | Måneder med rett til sletting av renter |
|----------------|----------------|----------------|----------------|-------------------------|---|
| 353 753        | 368 773        | 383 793        | 398 813        | 1                       | 1                                       |
| 348 159        | 363 179        | 378 199        | 393 219        | 2                       | 2                                       |
| 342 565        | 357 585        | 372 605        | 387 625        | 3                       | 3                                       |
| 336 970        | 351 990        | 367 010        | 382 030        | 4                       | 4                                       |
| 331 376        | 346 396        | 361 416        | 376 436        | 5                       | 5                                       |
| 325 780        | 340 800        | 355 820        | 370 840        | 6                       | 6                                       |
| 320 188        | 335 208        | 350 228        | 365 248        | 7                       | 7                                       |
| 314 593        | 329 613        | 344 633        | 359 653        | 8                       | 8                                       |
| 308 998        | 324 018        | 339 038        | 354 058        | 9                       | 9                                       |
| 303 403        | 318 423        | 333 443        | 348 463        | 10                      | 10                                      |
| 297 808        | 312 828        | 327 848        | 342 868        | 11                      | 11                                      |
| 292 215        | 307 235        | 322 255        | 337 275        | 12                      | 12                                      |

**§ 8-3. Krav til samla inntekt for låntakar og ektefelle, partnar eller sambuar**

Låntakarar som har fått eller adoptert barn, har hatt omsorgsarbeid, har sona i fengsel eller sikringsanstalt eller har vært i fulltidsarbeid med låg inntekt, kan ha rett til sletting av renter dersom dei i tillegg har hatt låg samla hushaldsinntekt. Den samla person- og kapitalinntekta per år for låntakaren og ektefellen, partnaren eller sambuaren med felles barn må ha vore under grensene i tabellen nedanfor.

| Talet på barn  | Samla person- og kapitalinntekt per år, i kroner |         |         |         |
|----------------|--|---------|---------|---------|
|                | 2016   | 2017    | 2018    | 2019    |
| 0              | 507 688  | 521 396 | 537 038 | 554 492 |
| 1              | 535 214  | 549 665 | 566 155 | 584 555 |
| 2              | 562 740  | 577 934 | 595 272 | 614 618 |
| 3              | 590 266  | 606 203 | 624 389 | 644 681 |
| 4 eller fleire | 617 792  | 634 472 | 653 506 | 674 744 |

Inntektsgrensene i tabellen blir heva med eit fast beløp per år for kvart barn som låntakaren har forsørgd, til og med det året barnet fyller 16 år. For 2019 blir inntektsgrensa heva med 30 063 kroner for kvart barn. For 2018 blir inntektsgrensa heva med 29 117 kroner for kvart barn. For 2017 blir inntektsgrensa heva med 28 269 kroner for kvart barn. For 2016 blir inntektsgrensa heva med 27 526 kroner for kvart barn.

A

Dersom låntakeren er formelt separert, behovsprøves ikke sletting av renter mot separat ektefelles eller partners inntekt.

#### **§ 8-4. Andre sosiale og økonomiske vilkår**

Ein låntakar som har hatt ei person- og kapitalinntekt per år under grensene i § 8-2 medan han eller ho oppfylte eit av krava i bokstavane a–g, har rett til å få sletta renter for heile eller delar av den aktuelle perioden. For rett til å få sletta renter etter bokstav c, d, f eller g, må samla hushaldsinntekt i tillegg ha vore under grensene i § 8-3.

a) *Sjukdom eller arbeidsløyse*

Låntakaren var sjuk, registrert arbeidslaus eller mottakar av arbeidsavklaringspengar. Det er ein føresetnad at forholdet varte i minst tre månader samanhengande.

b) *Førstegongsteneste og utdanning i Forsvaret*

Låntakaren avtente førstegongsteneste i Noreg eller eit anna EØS-land, eller var elev ved ein militær skole. Det er ein føresetnad at forholdet varte i minst tre månader samanhengande.

c) *Fødsel eller adoptsjon*

Låntakaren fekk barn og hadde omsorga for barnet etter fødselen. Låntakaren får sletta renter i opp til tolv månader frå fødselen. Låntakarar som adopterte barn under ti år, får sletta renter etter dei same reglane i opp til tolv månader frå adoptsjonsdatoen.

d) *Omsorgsarbeid*

Låntakaren hadde over tre månader i strekk omsorg for nokon i den nærmaste familien. Dette gjeld uføre, menneske med nedsett funksjonsevne og eldre med stort pleiebehov.

e) *Økonomisk stønad etter sosialtjenesteloven*

Låntakaren hadde i over tre månader i strekk ikkje anna inntekt enn økonomisk stønad etter sosialtjenesteloven § 18. I slike tilfelle kan renter bli sletta for opp til 36 månader til saman.

f) *Fulltidsarbeid med låg brutto inntekt*

Låntakaren hadde i minst tolv månader i strekk fulltidsarbeid og samtidig låg gjennomsnittleg brutto månadsinntekt. Inntektsgrensa for 2019 er 16 447 kroner, for 2018 15 929 kroner, for 2017 15 465 kroner og for 2016 15 058 kroner. Låntakaren kan få sletta renter for opp til 36 månader til saman. Frivillig ulønt arbeid gir ikkje rett til sletting av renter.

g) *Soning*

Låntakaren sona i fengsel eller sikringsanstalt i minst tolv månader i strekk og hadde samtidig låg gjennomsnittleg brutto månadsinntekt. Inntektsgrensa for 2019 er 16 447 kroner, for 2018 15 929 kroner, for 2017 15 465 kroner og for 2016 15 058 kroner.

#### **Merknad**

Ein låntakar kan ha fleire årsaker som gir grunnlag for å få sletta renter etter § 8-4. Årsakene i bokstavene a, b, c og d kan kombinerast. Kvar av periodane, eller ein av dei, kan vare kortare enn tre månader. Dersom det ikkje er avbrott i tid mellom desse periodane, kan

Lånekassen sjå dei i samanheng. Renter kan bli sletta for heile perioden. Vilkåret er at heile perioden er på minst tre månader. Oppeteningstida blir rekna frå og med den datoен lånet blei sett renteberande og til og med den datoén lånet eventuelt ikkje er renteberande.

Årsakene i bokstav e, f og g kan ikkje kombinerast med andre årsaker.

*Merknad til bokstav a*

Lånekassen hentar inn opplysningar om periodar med arbeidsavklaringspengar (AAP) og registrert arbeidsløyse direkte frå Nav. Opplysningar om AAP og arbeidsløyse blir henta inn for heile kalenderår, avhengig av kva år låntakaren søker om å få sletta renter for.

For låntakarar som er busette i utlandet, kan andre former for dokumentasjon bli godtekne når det ikkje er råd å registrere seg ved ei arbeidsformidling.

A til bokstav a

Vi henter inn opplysninger fra Nav for det kalenderåret låntakeren har søkt om sletting av renter for. Ved behov kan vi også hente inn opplysninger for tidligere år, dersom låntaker tidligere har søkt om sletting av renter for hele eller deler av tidligere år. Vi kan ikke hente inn opplysninger for perioder som faller utenfor foreldelsesfristen i § 8-8.

A til bokstav a

Det opprettes dokumentasjonsperioder for AAP for de periodene låntaker har fått utbetalt AAP. AAP ordningen trådte i kraft 1.3.2010.

Det opprettes dokumentasjonsperiode for arbeidsledighet for perioder hvor:

- låntaker har mottatt dagpenger, eller
- låntaker har vedtak om dagpenger, ikke mottar dagpenger, men har sendt meldekort som viser at låntaker ikke var i arbeid
- låntaker ikke har vedtak om dagpenger, men har sendt inn meldekort som viser at låntaker ikke var i arbeid

Når dagpenger faller bort fordi låntaker har vært i arbeid, blir det ikke opprettet dokumentasjonsperioder for dette tidsrommet.

*Merknad til bokstav a*

Som registrert arbeidsledig reknar vi også låntakarar som deltek i kvalifiseringsprogram og får kvalifiseringsstønad. Låntakarar som søker om å få sletta renter på dette grunnlaget, må sjølve dokumentere perioden.

Låntakarar som bur saman med ektefellen i utlandet, og som kan dokumentere at han/ho ikkje har rett til arbeidsløyve, kan bli vurderte etter § 8-4 bokstav a.

Låntakarar som ikkje er reelle arbeidssøkjarar, har ikkje rett til å få sletta renter. Det same gjeld arbeidssøkjarar som er registrerte som fullt sysselsette.

#### *Merknad til bokstav a*

Perioden med sjukdom må vere stadfesta av Nav. Dersom låntakaren ikkje har vore i arbeid, kan legeerklæring brukast som dokumentasjon. Dokumentasjonen må vise at låntakaren har vore heilt eller delvis ute av stand til å arbeide eller studere på grunn av sjukdom.

Låntakarar som er uføre og som har fått sletta heile eller deler av gjelda, kan ikkje få sletta renter som er lagde til gjelda før delar av denne blei sletta. Låntakarar som er uføre, kan søkje om sletting av gjeld etter kapittel 12.

Låntakarar som får 100 prosent uførretrygd, kan ikkje få sletta renter på grunn av sjukdom. Låntakarar som ikkje får 100 prosent uførretrygd, kan vurderast etter § 8-4.

#### A til bokstav a

Kiropraktorer og manuellterapeuter kan gi sykemelding for inntil tolv uker. Psykologattest kan unntaksvis godtas når låntakeren ikke kan fremleggje legeerklæring. Låntaker må ha vært helt eller delvis arbeid- eller studieutfør på grunn av sykdom, men det er ikke noen nedre grense for sykdomsprosent.

#### A til bokstav b

Låntaker som avtjener førstegangstjeneste som utskrevet løytnant (leger, tannleger, veterinærer, farmasøyter, psykologer og teologer) kan få rentefritak for hele eller deler av den perioden de avtjener førstegangstjeneste, dersom person- og kapitalinntekten er innenfor grensene i § 8-2 .

Utdanning ved militære skoler gir ikke rett til utdanningsstøtte, se § 4-6 a i tildelingsforskriften. Det kan derfor ikke gis rentefritak etter reglene i §§ 8-5 eller 8-6 .

#### *Merknad til bokstav c*

Sletting av renter ved fødsel kan bli gitt frå fødselen. Begge foreldra kan få sletta renter i opptil tolv månader etter fødselen.

#### *Merknad til bokstav d*

Ved omsorg for uføre, funksjonshemma eller eldre må omfanget av pleiebehovet vere på minst 50 prosent. Omfanget av pleiebehovet må dokumenterast med stadfesting frå lege, sosialkontor, helsestell eller annan faginstans.

Låntakar som får overgangsstønad fordi barnet har behov for omsorg eller tilsyn utover det som er vanleg, kan få rentefritak etter § 8-4 bokstav d.

#### A

Sletting av renter etter dette punktet kan bli gitt selv om låntakeren mottar bidrag for barn, får utbetalt feriepenger eller får tilbake for mye innbetalt skatt. Det samme gjelder låntakere som mottar bostøtte. Nav justerer sine ytelsjer.

A

Tillegget for barn gis på årsbasis som et fast tillegg per barn per år.

*Merknad til bokstav f*

Låntakarar som søker om sletting av renter etter denne bestemmelsen bør alltid sende inn kopi av skattefastsettinga (likning). Dette gjeld særskilt for låntakarar som har likning frå utlandet.

*Merknad til bokstav f*

Opphaldsløye som au pair føreset ei maksimal arbeidstid på 30 timer per veke. Arbeid som au pair kvalifiserer derfor ikkje til sletting av renter etter denne regelen.

*Merknad til bokstav f*

Sjølvstendig næringsdrivande må sende inn stadfesting på registrert føretak i Brønnøysundregisteret. I tillegg må låntakaren dokumentere at ho/han har arbeidd fulltid. Dokumentasjonen kan vere i form av avtalar/timelister/lønnsslippar og liknande.

Dersom låntakaren har hatt samanhengande fulltidsarbeid i heile kalenderåret, kan kopi av likningsutskrift bli brukt for å dokumentere gjennomsnittleg månadleg bruttoinntekt i kalenderåret.

A

Låntaker som søker rentefritak etter denne bestemmelsen og som oppgir å være kunstner, kan dokumentere yrkesvirksomheten ved å dokumentere medlemskap i en yrkesorganisasjon for kunstnere, i tillegg til å dokumentere at de har vært i fulltidsarbeid.

*Merknad til bokstav f*

Frivillig ulønna arbeid gir ikkje rett til sletting av renter, sjølv om frivillig ulønna arbeid er kombinert med lønna deltidsarbeid. Dersom låntakaren er i eit arbeidsforhold på fulltid der det blir gitt ei eller anna form for godtgjering, f.eks. for kost og losji, blir søknaden behandla etter dette punktet dersom arbeidsforholdet varer i minst tolv månader. Dokumentasjon som viser kor lenge arbeidsforholdet har vart, må ligge føre.

A

Dersom det er behov for å benytte et standardbeløp for kost og losji, kan grunnbeløpet i folketrygden (G) legges til grunn. Dette beløpet utgjør kr 8 074 per måned (1G per 1.5.18 er kr 96 883). Dersom låntaker kun mottar godtgjørelse i form av gratis losji, kan følgende verdier legges til grunn:

- bolig med ett og to rom: verdi 1/12 G
- bolig med tre eller flere rom: verdi 1/8 G

*Merknad til bokstav f*

Forskinsstipend frå Noregs forskingsråd (NFR) blir sett på som arbeidsinntekt. Det same gjeld forskingsstipend som låntakaren får frå andre land. Søknader om sletting av renter

under ph.d-utdanning i utlandet skal behandlast etter reglane i § 8-6, fordi dette er utdanning som kan gi rett til støtte.

A

Tillegget for barn gis på årsbasis som et fast tillegg per barn per år.

A

Kunder som soner, kan få betalingsutsettelse frem til kunden har sonet 2/3 av dommen, dersom dette tidspunktet er dokumentert. Vi kan likevel ikke gi betalingsutsettelse i mer enn 3 år fremover i tid av gangen. Kunder som ønsker ytterligere utsettelse, må etter dette tidspunktet sende inn oppdatert dokumentasjon på soning.

#### **§ 8-5. Vilkår som gjeld deltidsutdanning, tillitsverv, permisjon fra studiet eller deltaking i Erasmus+**

Låntakarar som har hatt ei person- og kapitalinntekt per år som er under grensene i § 8-2, har rett til å få sletta renter for heile eller delar av den aktuelle perioden dersom han eller ho i perioden

- a) har bestått deltidsutdanning og dokumenterer å ha hatt rett til lån eller stipend etter forskrift om tildeling av utdanningsstøtte
- b) samtidig hadde tillitsverv på fulltid i ein landsomfattande elev- eller studentorganisasjon eller i tilknyting til ein utdanningsinstitusjon eller ein studentsamskipnad. Låntakaren kan i så fall få sletta renter for opp til tolv månader. Det er ein føresetnad at forholdet varte i minst tre månader samanhengende
- c) har hatt permisjon fra studiet for å forske og får studentstipend fra Forskningsrådet
- d) samtidig deltok i programmet Erasmus+ i minst tre månader i strekk.

##### *Merknad til bokstav a*

Dersom låntakaren har fått støtte til deltidsutdanninga, kan sletting av renter bli vurdert for støtteperioden også før utdanninga er endeleg avslutta. Låntakaren kan få sletta renter også ved forseinking, dersom han/ho har rett til å få utvida den normerte tida/årsblokkene etter reglane i kapittel 9 i forskrifta om utdanningsstøtte for det året søknaden gjeld.

A

Erasmus+ er det formelle navnet på flere tidligere EU programmer, for eksempel Comenius, Leonardo (Da Vinci), Erasmus Mundus og Grundtvig.

#### **§ 8-6. Fulltidsutdanning**

Ein låntakar som har bestått fulltidsutdanning og dokumenterer å ha hatt rett til lån eller stipend etter forskrift om tildeling av utdanningsstøtte, har rett til å få sletta renter for så lang tid som det kunne ha blitt gitt lån eller stipend. Sletting av renter på dette grunnlaget blir ikkje behovsprøvd mot inntekt.

##### *Merknad*

Låntakaren må dokumentere at ho/han har vore fulltidsstudent. Låntakaren blir rekna som fulltidsstudent dersom ho/han dokumenterer å ha følgt utdanningsprogrammet på fulltid.

Det kan ikkje bli sletta renter utover normert tid eller årsblokkene i kapittel 8 i forskrifta om utdanningsstøtte. Ved vurderinga av samla periode for rentefritak reknar vi med periodar låntakaren har fått støtte og/eller rentefritak på grunn av utdanning.

Låntakaren kan få sletta renter også ved forseinking, dersom han/ho har rett til å få utvida den normerte tida/årsblokkene etter reglane i kapittel 9 i forskrifta om utdanningsstøtte for det året søknaden gjeld. Sletting av renter kan derfor først bli vurdert når låntakaren har avslutta utdanningsprogrammet.

Utdanningsprogrammet og avslutninga av det blir vurdert på bakgrunn av kunden sine opplysningar om planlagt utdanningsprogram, normert tid for programmet, og planlagd avslutning av det enkelte programmet.

A

Kunder som avslutter utdanningen om høsten og som mottar støtte til og med 15.januar, får rentedato 1. februar. Dersom vi skal slette renter på grunn av utdanning for høstsemesteret, må vi derfor også ta med januar (med mindre kunden har oppgitt en tidligere avslutningsdato).

A

Renter kan slettes om sommeren når låntakeren har rett til støtte i semestrene før og etter.

A

Låntaker må dokumentere at hun/han har vært fulltidsstudent i det enkelte semester låntaker søker om å få sletta renter for.

I denne vurderingen kan vi blant annet legge vekt på om:

- låntakeren har vært meldt opp til eksamen tilsvarende fulltid?
- låntakeren selv sier at han har studert på fulltid eller deltid?

Dersom låntaker følger et utdanningsprogram på fulltid og avlegger studiepoeng i henhold til studieplanen, regnes låntaker som fulltidsstudent selv om utdanningsprogrammet innebærer en skjeg fordeling av studiepoengene.

Låntaker må ikke være forsinket utover grensene for tildeling av støtte. Dersom låntakeren er mer enn 60 studiepoeng forsinket før et semester, må han/hun ha tatt igjen forsinkelsen før vi igjen kan vurdere å slette renter.

A

Renter kan ikke slettes for perioder etter siste semester med faglige resultater.

A

Rettighetselever har rett til støtte uavhengig av forsinkelse, så lenge de er rettighetselever/rettighetslærling elever/lærlinger. For å sikre at vilkåret om bestått

utdanning er oppfylt, sletter vi likevel ikke renter til denne gruppen før utdanningen faktisk er bestått.

#### *Merknad*

Utanlandske statsborgarar, med unntak av statsborgarar frå EU- og EØS-land, som tek sjølvfinansiert utdanning i land utanfor Norden, har ikkje rett til sletting av renter utover det som går fram av kapittel 2 i forskrifta om utdanningsstøtte.

#### *Merknad*

Ved ph.d-utdanning i utlandet (utanlandsk grad) bruker Lånekassen den tidsnormeringa som gjeld for den aktuelle godkjende utdanninga, teken på fulltid i vedkommande land.

#### *Merknad*

Låntakarar som er forsørgde av barnevernet og har fått avslag på søknad om støtte etter § 10-3 i forskrifta om utdanningsstøtte, kan likevel få sletta renter etter dette punktet dersom han eller ho er i ei fulltidsutdanning som gir rett til støtte.

#### **§ 8-7. Krav til dokumentasjon**

Den som søker om sletting av renter, skal dokumentere både inntekta i den aktuelle perioden og at dei andre sosiale og økonomiske vilkåra var oppfylte. Lånekassen hentar inn opplysningar om person- og kapitalinntekt i Noreg direkte frå skatteetaten. Låntakaren må sjølv sende inn dokumentasjon av brutto inntekt per måned, sjå § 8-4 bokstavane f og g.

Dersom låntakaren dokumenterer at ei trygde- eller pensjonsyting er opptent i ein tidlegare periode enn det året ho blei utbetalt og skattlagd, og krev ei vurdering av søknaden om sletting av renter på dette grunnlaget, skal trygde- eller pensjonsytinga fordelast på dei åra ytinga blei opptent. Den nye årsinntekta skal leggjast til grunn både for å avgjere ein ny søknad om sletting av renter og for ei ny prøving av eventuelle tidlegare vedtak om sletting av renter.

#### *Merknad*

All skattbar inntekt skal reknast med. Om inntekta er skattbar eller ikkje, er regulert i skattelovgivinga.

#### *Merknad*

Når inntekta er oppgitt i framand valuta, blir gjennomsnittleg valutakurs for det aktuelle likningsåret brukt for å finne inntekta som det skal behovsprøvast mot.

A

Følgende nettside hos Norges Bank bør brukes for å finne de aktuelle valutakursene:  
<http://www.norges-bank.no/Statistikk/Valutakurser/>

#### *Merknad*

Inntektsgrunnlaget for låntakarar som er busette i utlandet, er det same som for låntakarar i Noreg. Inntekt som ikkje er skattepliktig i Noreg, blir ikkje rekna med i bruttoinntekta. Det kan ikkje bli sett bort frå beløp som gir rett til frådrag ved skattelikninga i landet der låntakaren er skattepliktig. Låntakaren må sjølv dokumentere inntekta i utlandet.

A

Vi kan ta hensyn til etterbetalte trygde- og pensjonsytelser innenfor det tidsrommet som følger av § 8-8 .

#### **§ 8-8. Søknadsfrist**

I 2019 er det mogleg å søkje om sletting av renter for perioden frå og med 1. januar 2016. Krav om sletting av renter som gjeld forhold før 1. januar 2016, vil ikkje bli behandla. Det kan gjerast unntak frå søknadsfristen i særlege tilfelle.

Låntakarar som tek utdanning, må søkje om sletting av renter seinast tre år etter at utdanninga etter normert tid skulle ha vore ferdig.

#### *Merknad*

Spørsmål om rentefritak som gjeld forhold før 1. januar 2016, kan bli behandla når saka er teken opp av låntakaren på eit tidlegare tidspunkt og behandlinga er utsett av Lånekassen, eller når Lånekassen openbert har forsømt behandlings- eller opplysningsplikta.